



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
25.05.2018	62927/2018	Iver Kåre Mjelv

Saksnr **U 37/18** **Utval** Fylkesutvalet **Møtedato** 04.06.2018

U 37/18 Tariff 2018 - Tariffrevisjonen pr. 1. mai 2018 – Forslag til ny Hovudtariffavtale - Uravrøysting

Bakgrunn

KS har med A-rundskriv nr. 1/2018 sendt ut KS og forhandlingspartane sitt forslag til løysing på tariffrevisjonen 2018 om ny Hovudtariffavtale med utløp 30. april 2018 til uravrøysting.

Svarfristen for uravrøystinga er i høve KS sett til **8. juni 2018 kl. 10.00**.

I A-rundskriv nr. 1/2018 med vedlegg er det gjort nærmere greie for resultatet i samband med tariffrevisjonen slik det går fram av vedlegg til protokollen. A-rundskrivet følgjer vedlagt saka.

KS vil etter svarfristens utløp, gjennom ks.no og B-rundskriv, informere nærmere om resultatet av uravrøystinga og om iverksetting av resultatet.

Kort om dei ulike elementa i oppgjeret

Økonomisk ramme 2018

Lønsoppgjaret er kome i hamn innanfor ei økonomisk ramme på 2,8 prosent, lik anslaget for årslønsvekst i frontfaget.

Det er ikkje sett av midlar til lokale lønsforhandlingar i kapittel 4 i 2018.

Årslønsvekstramme 2018	Kapittel 4 totalt
Overheng til 2018	1,5 %
Anslag glidning i 2018	0,2 %
Sentrale tillegg per 1.5.2018	1,1 %
Anslag årslønsvekst 2017 til 2018	2,8 %
Anslag overheng til 2019	0,6 %
Endringer ubekvemstillegg per 1.1.2019 (av 2019-rammen)	0,4%

Sentrale tillegg per 1. mai 2018

Det blir gitt sentrale tillegg til tilsette i HTA kapittel 4 som vert lagt til den enkelte si årsløn slik det går fram av tabellen på neste side.

Stillingsgrupper	Sentrale lønnstillegg - pr. 1.5.2018						
	0 år	2 år	4 år	6 år	8 år	10 år	16 år
Gruppe 1	Stillinger uten særskilt krav til utdanning	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
	Fagarbeider- stillinger/tilsv. fagarbeider- stillinger	5 500	5 500	5 800	6 500	6 500	6 100
	Stillinger med krav om fagbrev og 1-årig fagskole- utdanning	6 500	6 500	6 800	7 500	7 500	7 100
Gruppe 2	Lærer og Stillinger med krav om 3-årig U/H-utdanning	10 000	10 000	10 000	11 000	8 500	8 500
	Adjunkt og Stillinger med krav om 4-årig U/H-utdanning	10 000	10 000	10 000	11 000	9 000	9 000
	Adjunkt med tilleggsutdannin g og Stillinger med krav om 5- årig U/H- utdanning	8 500	8 800	8 800	8 900	9 000	9 300
	Lektor og Stillinger med krav om mastergrad	8 800	8 900	9 000	9 200	9 400	10 000
	Lektor med tilleggsutdannin g	8 800	9 100	9 200	9 400	9 600	10 100
							12 300

Det vises til HTA vedlegg 1 for oversikt over stillingskoder og stillingsgrupper.

Leiarlønnstillegg med verknad per 1. mai 2018

Tilsette i stillingskodane 7003, 7453, 7451, 7951 og 7954 får eit tillegg på 1,5 prosent av grunnløn per 30. april 2018.

Endringar i Hovudtariffavtalen - fellesbestemmelsane

Tidlegare vedlegg 2 – Lokale retningslinjer – heiltidskultur – er flytta inn i punkt 2.3.1 Heiltids-/deltidsstillinger. Det er vidare i punkt 4.2.1 Kontoradministrasjon tatt inn ein merknad.

Det er føretatt justeringar av laurdags- og søndagstillegg, samt kvelds- og natttillegg.

Andre endringar i Hovudtariffavtalen

Det er i kapittel 3 pkt. 3.2 Lokale forhandlingar tatt inn eit nytt drøftingstema; årleg drøfting av rekrutteringssituasjonen og framtidig kompetansebehov/kompetanseutviklingsbehov for ulike stillingsgrupper.

Vurdering

Oppsummering i høve Sak U-2/18 (29. januar 2018)

Møre og Romsdal fylkeskommune ønska mest mogeleg av lønsmidlane til lokale forhandlingar, resultatet vart ingen lokale forhandlingar i kap.4 i 2018. Midlane er nytta til sentrale tillegg i staden. Oppgjeret inneber og ei binding av ramma for 2019 på 1 prosent (overheng og tillegg per 1. januar 2019).

Fylkesrådmannen tilrår at ein røyster ja til ny Hovudtariffavtale.

Forslag til vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune sluttar seg til og røyster JA til det tilrådde forslaget frå hovudstyret i KS i samband med tariffrevisjonen 2018, slik det går fram av A-rundskriv nr 1/2018 frå KS.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Dag Lervik
personalsjef

Vedlegg

- 1 KS A-Rundskriv 1/2018 Tariff 2018 - Tariffrevisjonen pr. 1. mai 2018 – Forslag til ny Hovudtariffavtale - Uravrøysting